


RETTLEIAR

FØREBYGGING AV RADIKALISERING OG VOLDELEG EKSTREMISME

FRÅ URO TIL HANDLING



Setesdal regionråd



Innleiing

Regjeringa ønsker ei brei innsats for å førebygge radikalisering og voldeleg ekstremisme. Det kan vere ulike grunner til at ungdom og vaksne vert radikalisert og er villig til å ty til vold for sine synspunkt. Det er nødvendig med tidleg innsats frå ei rekke aktørar for å gjere det mogeleg å nå fram i det førebyggjande arbeidet.

Kommunane i Setesdalregionen – Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes har tatt initiativ til å utarbeide denne rettleiaren. Arbeidet med rettleiaren er forankra i rådmannsutvalet, og styringsgruppe for SLT-arbeidet. Andre regionar som Lindesnesregionen, og kommunar som Oslo, Trondheim og Kristiansand har laga tilsvarande rettleiarar som vi har sett til i utarbeidinga.

Denne rettleiaren er eit samarbeid mellom kommunane i Setesdalregionen.

Målgruppe er tilsette i psykisk helse og rus, helse, kultur, barnevern, grunnskole, vidaregåande skule og vaksenopplæring, flyktingtenesta, asylmottak, NAV, politi og frivillige organisasjonar.

Frå bekymring til handling

Rettleiaren beskriv ei handlingsløype frå bekymring til handling. Den inneheld kunnskap om teikn og risikofaktorar om kva ein gjer når ein har bekymring og kva for tiltak ein må sette inn.

Rettleiaren skal vere et verktøy for å førebygge all form for voldeleg ekstremisme – det vere seg politisk, ideologisk og/eller religiøst motivert ekstremisme og er retta inn mot både barn, unge og vaksne.

I første omgang er rettleiaren retta mot tilsette i NAV, skole, barnehage, fritidsarenaer, barnevern, statlig mottak, kultursektor, helse- og sosialapparatet m.m. Men den er og retta mot sivilsamfunnet forøvrig. Det kan vere føresette, øvrige familiemedlemmer, venner, naboar, kollegaer og/eller noen i forening, menighet eller fritidsarenaer som er bekymra over aukande grad av radikalisering hos ein ungdom/vaksen.



Om førebygging og tidleg innsats

Det er viktig at ein bygger arbeidet med å førebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme på dei same grunnprinsipp som generell førebygging og førebygging av kriminalitet.

Eit inkluderande nærmiljø der alle har moglegheit for deltaking ut frå sine egne ressursar og interesser vil virke førebyggjande på sosial utstøting, marginalisering og kriminalitet.

Barn, unge og vaksne som opplever å bli sett, høyrdd og møtt kvar dag i eit inkluderande miljø der dei opplever å høyre til og ha eigenverdi, vil stå godt rusta i møte med ulike utfordringar i livsløpet. Kvar enkelt av oss har eit ansvar for at alle opplev tilhør og tryggleik i det samfunnet dei

bur og verker i, for berre på den måten kan ein hindre "utanforskap".

Tidleg innsats krev kunnskap om risikofaktorar og kunnskap om teikn på radikaliseringsprosesser. Ved å gripe inn tidleg i ein radikaliseringsprosess vil ein kunne auke moglegheita for å lykkast i å snu ei uheldig utvikling.

Det er viktig at det førebyggjande arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje bidreg til stigmatisering og generalisering på bakgrunn av kjønn, etnisitet, religion eller sosioøkonomisk status. Radikaliseringsprosessen er en uforutsigbar og dynamisk prosess kor mange faktorar spelar saman.



Kunnskap om radikalisering og voldeleg ekstremisme

RADIKALISERINGSTUNNELEN

Radikaliseringsprosessar blir ofte omtalt som det å gå inn i ein tunnel. Inngangen til tunnelen er starten på radikalisering. De som kjem ut i den andre enden av tunnelen er det vi kallar "ferdigradikaliserte". De som er i radikaliseringsstunnelen kan støtte bruk av vold, oppfordre andre til å utøve vold, eller i ytterste konsekvens utøve volden sjølv. Noen personar går berre så vidt inn i tunnelen for så å gå ut igjen. Noen går eit stykke og blir der inne i årevis eller kanskje heile livet. Kor raskt ein person beveger seg gjennom radikaliseringsstunnelen, kan variere. Dei som ikkje har blitt voldsutøvar, men som blir i tunnelen med eit ekstremistisk tankesett, kan framleis utgjere ei potensiell fare. Det kan vere heilt tilfeldig at dei driv lenger inn i radikaliseringsprosessen og til voldshandlingar.

Målsettinga med denne rettleiaren er å hindre at personar går inn i radikaliseringsstunnelen. Dersom dei allereie er inne i denne tunnelen, må vi handle på ein slik måte som gjer at den enkelte klarer å snu i tunnelen.

DEFINISJON AV SENTRALE BEGREP

Voldeleg ekstremisme

Med voldeleg ekstremisme meinast personar og organisasjonar som er villige til å bruke vold for å nå sine politiske, ideologiske eller religiøse mål. Den voldelege ekstremismen kan vere relatert til høyreekstremisme, venstreekstremisme, ekstrem islamisme m.m.

Radikalisering

Radikalisering er ein prosess som under gitte føresetnader kan føre til at ein person i aukande grad aksepterer bruk av vold for å nå politiske, ideologiske og religiøse mål. Prosessen kan vere svært kompleks med mange faktorar som spelar inn eller ein meir enkel prosess kor noen få faktorar blir avgjerande.

Av-radikalisering

Av-radikalisering er ein prosess som under gitte føresetnader kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vold for å nå politiske, ideologiske og religiøse mål.

Hatkriminalitet

Voldeleg ekstremisme er hatkriminalitet. Hatkriminaliteten kan og omfatte truslar, skadeverk m.m. Oslo politidistrikt har utgitt en rapport om hatkriminalitet i 2013. Hendinga på Utøya 22.07.2011 og drapet på Benjamin Hermansen på Holmlia i 2001 er dei mest alvorlege hat-kriminalitetssakane i Oslo i nyare tid.

Nettekstremisme

Radikalisering og voldeleg ekstremisme på internett. Nettekstremismen inneber i å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett, som kan rammes av straffeloven § 135 om diskriminerande og hatefulle ytringar.

Teikn og symbol



Dette er symbolet til *Den nordiske Motstandsbevegelse*. Per januar 2015 er dette den mest aktive nynazistiske røyrsla i Norden. Han driv aktive vervekampanjar i heile Noreg og har representantar i nærliggande kommunar.



PEGIDA er ei islamkritisk røyrslle, primært basert i Tyskland. Ho har spreidd seg til ei rekke ulike land. Her i Noreg er ho nå svært aktiv og held demonstrasjonar i ei rekke byar. Ho hevdar å vere verken rasistisk eller nazistisk, og i praksis ser ein at ho har svært ulike sympatisørar frå ulike samfunnslag og med ulike menneskesyn. Noen er uroa for islam og muslimar i Noreg, andre har klart tilhør til ulike islamkritiske miljø, noen miljø er til dels fiendtlege og enkeltpersonar som har deltatt i demonstrasjonane har bakgrunn frå både *Norwegian Defence League* og nynazistiske grupperingar.



Norwegian Defence League oppstod som ein Norsk del av *English Defence League* som igjen er ein del av det europeiske nettverket *European Defence League*. Her er ei lang rekke grupperingar representert, alt frå hardbarka nynazistiske skinheads, til generelle islamsk fiendtlege fotballpøblar og menneske med ulik ideologiske standpunkt. Det dei har til felles er ein sterk skepsis til framandkulturell innvandring og islam. Fleire derfrå har stilt på demonstrasjonar til PEGIDA.

14

Talet 14 er en talkode for eit nynazistisk slagord sett saman av 14 ord og vert kalla "De 14 ord": "*Vi må sikre eksistensen til vårt folk og en fremtid for våre hvite barn*". Dette symbolet vert ofte brukt som eit skjult symbol på nynazistisk tilhør og blir ei form for skjult uniformering. Populært som smykke, ring, t-skjorte, gjerne på ei fotballtrøye.

18/88

18/88 Tilsvarande som nemnd over når det gjeld bruk. Tala representerer nummeret i alfabetet. 1=A, 8=H. Tala betyr: Adolf Hitler/Heil Hitler.



Profetens Ummah anerkjenner som øvste leiar Abu Bakr al- Baghdadi, kalif i Den islamske staten. Den islamske staten er ei militant, jihadistisk-salafistisk terroristgruppe i Syria og Irak. Fleire av dei sentrale medlemmane har kriminell bakgrunn og noen er drepne i Syria.


Profetens Ummah sto mellom anna bak demonstrasjonen mot den antimuslimske Muhammed-filmen *Innocence of Muslims* utanfor den amerikanske ambassaden i Oslo i september 2012 kor det vart ropt hyllest til Osama bin Laden.

Dei hevdar at majoriteten av dei norske muslimane som har reist for å delta i borgarkrigen i Syria er medlemmer av Profetens Ummah.

Dei nyttar seg av ei rekke symbol, men heimesida deira er meir prega av fredelege symbol som ein kvist med knoppar på. Dette har dobbel symbolikk, fredeleg inntrykk for den uvitande, unge som veks og blir jihadistar er den andre forståinga.



Ekstrem islamistisk symbolikk



"Jihadist -miljøa" er svært aktive på internett og i sosiale medium, der dei rettar sitt fokus mot unge. Likeins oppsøker representantar for Profetens Ummah samlingspunkt for ungdom, for å rekruttere, primært unge muslimar. De gjer også om på filmplakatlar, som *Lord of the Rings* og dataspellet *Call of Duty* for å verve ukritisk ungdom.





Moglege bekymringsteikn

Her er noen tips til moglege bekymringsteikn eller signal. Lista er ikkje utfyllande. Enkelte av dei oppsette bekymringsteikna treng ikkje å vere eit uttrykk for radikaliserings dersom dei vert vurdert isolert sett. Det er viktig å vurdere bekymringsteikna samla og ut frå individets totalsituasjon. Ofte er det summen av fleire bekymringsteikn som dannar grunnlag for bekymring.

BEKYMRINGSTEIKN

Ytringar

- Intoleranse for andre sine synspunkt
- Fiendebilde – vi og dei
- Konspirasjonsteoriar
- Hatretorikk
- Sympati for absolutte løysingar som avskaffing av demokrati
- Legitimerer vold
- Truslar om vold for å nå politiske mål

Interesser/utsjånade/symbolbruk

- Appellerer til og søker etter ekstremistisk materiale på nett
- Endrar utsjånad, klesdrakt m.m.
- Nyttar symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisasjonar
- Slutter på skolen, med fritidsaktiviteter m.m.

Aktiviteter

- Opptatt av ekstremisme på internett og sosiale media
- Deltar på demonstrasjonar og voldelege samanstyrt med andre grupper
- Bruker truslar og vold som følge av ekstremisme-
- Hatkriminalitet
- Reiseverksemd som kan føre til auka radikaliserings og kontakt med ekstremister

Venner og sosiale nettverk

- Endrar nettverk og omgangskrets
- Går saman med personar og grupper som er kjent for ekstremisme
- Går i grupper der det vert utøvd truslar vold og/eller annen kriminell verksemd
- Medlem i ekstremistiske grupper, nettverk og organisasjonar



Generelle risikofaktorar

Mange av dei same risikofaktorane som ein finner knytt til rus, kriminalitet og seinare marginalisering kan gjere seg gjeldande i radikaliseringsfeltet. Det er viktig å ta bekymringsteikna som vist over på alvor, sjølv om den enkelte ikkje har noen av de nemnde risiko- faktorane knytt til seg. Nedanfor finner du moglege risikofaktorar.

RISIKOFAKTORAR

Personlege faktorar

- Marginalisert/diskriminert
- Manglar tilhøyr/søker tilhøyr
- Skolerelaterte problem
- Psykiske problem
- Ser på seg sjølv som offer
- Traumatiske opplevingar
- Søkande etter svar
- Individuell sårbarheit
- Manglar kunnskap
- Manglar sjølvkontroll/impulsiv

Familiemessige faktorar

- Påverka av transnasjonalt famieliv og nettverk.
- Sosiale problem i familien
- Rusmisbruk
- Vold eller anna omsorgssvikt
- Dårlig samspel i familien
- Foreldre som slit i foreldrerolla
- Psykiske problem i familien
- Fattigdom eller arbeidsløyse
- Ekstreme sympatiar hos vener, familie eller slekt

Sosiale faktorar

- Lav sosial status
- Marginalisert ungdomstid
- Opplevd diskriminering
- Negativ påverking av vener
- Liten/ingen deltaking i sosiale felleskap
- Manglar tilhør søker tilhør.
- Arbeidsledig
- Utrygt lokalområde
- Livsstil som omfattar kriminalitet

Motivasjonsfaktorar

- Behov for felleskap
- Spenning
- Ekstremistiske førebilete
- Anerkjening
- Beskyttelse
- Opplev at eigen religion, kultur, land, nasjon m.m. er under angrep

Ideologiske og kulturelle

- Politisk debatt – kulturell identitet
- Legitimering og rettferdiggjøring av vold for å nå mål
- Konspirasjonsteoriar
- Polariserande endebilete
- Misnøye med sosial og økonomisk urettferdighet
- Sympati for absolutte løysingar som avskaffing av demokrati

Kva gjør eg ved bekymring?

PRIVATPERSON

Er du privatperson og er bekymra for aukande grad av radikaliserings hos ein venn, ein nabo, ein kollega, eit barn, ein forelder, øvrige familiemedlem, noen i di forening, menighet eller i fritidsarenaen kan du gjere følgjande:

Ta bekymringa på alvor

Gjør klart for deg sjølv kva du er uroleg for og tenk gjennom kva du treng for å redusere di eig uro. Ta ansvar for di bekymring.

Rådfør deg med fagfolk

Rådfør deg med politi, Alarmtelefonen eller andre fagfolk, ved framleis bekymring. Du kan og velge å vere anonym.

Alarmtelefon for barn og unge **116 111**
(Tenesta er gratis og døgnbemanna)

**Agder Politi, forebyggende
koordinator – radikaliserings** **02 800**
(Be om å bli sett over)

Politiet **02 800**

PST – Politiets sikkerhetstjeneste **02 800**
(be om å bli satt over til PST)

TILSETT I FØRSTELINETENESTA

Er du tilsett ved ein skole, barnevern, NAV, i helse og sosial, barnehage, fritidsklubb, eller på annan måte arbeider med barn, unge eller vaksne som du er bekymra for, kan du følge handlingsløypa på neste side.

Når du har drøfta bekymringa med kollegaer og din leiar, må de vurdere om andre etatar skal ha bekymringsmelding eller om andre etatar skal kontaktas for samarbeid. Bekymringa blir om nødvendig fulgt opp med ein bekymringsamtale og ei avklaring før det eventuelt vert sett inn relevante, førebyggjande tiltak.

Informasjons- og teieplikt, samtykke og plikt til å avverje lovbrøt

Dersom du er offentlig tilsett, gjeld det same lovverk når det gjeld samarbeid, som i alle andre saker kor fleire samarbeidspartar er involvert. Den enkelte teneste sitt lovverk må tas omsyn til ved deling og lagring av informasjon.

Regler for sensitive personopplysningar kan vere relevante. Ein person si politiske og/eller religiøse oppfatning er å sjå på som ei sensitiv opplysning, jf. Personopplysningsloven § 2. Eit samarbeid bør bygge på anonymisering eller eit samtykke.

Vi minnar for øvrig om at plikta til å avverje alvorlege lovbrøt går framfor lovgivinga om teieplikt (sjå Avvergelsesplikten, strl. §139).

Dersom du er privatperson, er du ikkje bunden av same regelverk.

Avvergelsesplikten Straffeloven § 139

Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlater å anmelde til politiet eller på annan måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette framleis er mulig og det fremstår som sikkert eller mest sannsynlig at handlingen vil bli eller er begått.

Avvergelsesplikten gjelder uten hensyn til taushetsplikt.

TRINN	HANDLING	ANSVARLEG
1	<p>Ta bekymringa på alvor</p> <p>Gjør klart for deg sjølv kva du er uroleg for og tenk gjennom kva du treng for å redusere di eiga uro. Søk etter kunnskap om temaet og drøft gjerne med kollega, eventuelt spør om råd frå politi/barnevern. Ta ansvar for di bekymring.</p>	Den tilsette
2	<p>Gå i dialog med den det gjeld (eventuelt føresette)</p> <p>Når du synes at du har funnet ein god måte å nærme deg problemet på, tar du opp di uro basert på bekymringsteikn som vist over.</p>	Den tilsette
3	<p>Drøft bekymringa</p> <p>Ta opp bekymringa med leiinga.</p>	Den tilsette, eininga, leiinga
4	<p>Drøft bekymringa i tverrfaglege grupper som kjernegruppe og/ eller ansvarsgruppe</p> <p>Dersom det gjeld elever på ungdomsskole, vidaregåande skole eller ungdom opp til 23 år kan bekymringa drøftes i kjernegruppe. Eventuelt i ansvarsgruppe dersom dette er etablert dette rundt den unge/vaksne.</p>	Den tilsette
5	<p>Bekymringssamtale</p> <p>Om fleire instansar er bekymra for radikaliserings, hatkriminalitet og ekstremisme kan politiet følge opp med ein bekymringssamtale med den unge, deira føresette eller vaksne. Alvorlege bekymringar vert meldt vidare til PST av det lokale politiet.</p>	Politi, barnevern, føresette
6	<p>Tiltak og oppfølging av den enkelte</p> <p>Tverrfaglig samarbeid vert satt i verk. Finn ut kven som koordinerer arbeidet. Utarbeid ein plan i samarbeid med den enkelte. Viktige tiltak: skole, jobb, bolig, økonomi, fritid, nettverk, sosial deltaking osv.</p>	Aktørar på tvers av sektorer, tillitspersonar, føresette
7	<p>Meld bekymring til PST</p> <p>Ved framleis bekymring meldes saken til PST av det lokale politiet om ikkje dette er gjort tidligare. Du kan og sjølv melde inn til PST ved alvorleg bekymring.</p>	Politi, PST, tilsett
8	<p>Ved rekruttering til kamphandlingar</p> <p>Ved informasjon om personar som har deltatt eller skal delta i væpna kamphandlingar vert informasjonen drøfta med leiinga. Vurder om varslingsplikten til politiet gjelder. Jf. Avvergelsesplikten § 139 i straffeloven.</p>	Tilsette, leiinga, Politiet, PST



Moglege tiltak

Det kan bli brukt ei rekke metodar, tiltak og tenester innanfor ulike sektorar og på tvers av forvaltningsystem i arbeidet med å førebygge kriminalitet, som og kan bli brukt for å hindre ei negativ utvikling hos den radikalisererte.

Her er noen av dei tiltaka som kan bli sett i gang for å snu ei negativ utvikling.

Kjernegruppe for ungdom i ungdomsskole, og unge i alderen 16-20 år.

Kjernegruppe er en tverrfaglig samansett gruppe med medlemmer frå skole, helsestasjon, barnevern, SLT-koordinator og politi. Her kan bekymring for rus, kriminalitet og bekymring for radikalisering meldes inn og tiltak blir sett raskt i gang.

<https://www.regjeringen.no/no/sub/radikalisering/veileder/aktuelle-tiltak-mot-radikalisering/id2398412/>

Bekymringssamtale

«Bekymringssamtalen» er eit dialogbasert verktøy som politiet primært bruker overfor unge og deira føresette – men kan og nyttas overfor vaksne. Det er et verk- tøy som nyttas for å avdekke uønska/ kriminell åtferd som kan føre til utvikling av ein kriminell løpebane.

Mekling og forsoning

Konfliktar og overgrep kan bli fulgt opp gjennom mekling i skole eller konfliktråd i forsøket på å oppnå forsoning mellom partane. Politidirektoratet arbeider med å utvikle exit- strategiar, mentor – og avradikaliseringsprogram til bruk for alle kommunar. Dette vert utarbeidd i medhald av den nasjonale handlingsplanen for radikalisering og voldeleg ekstremisme.

Ansvarsgruppe/individuell plan

For personar med samansette behov frå ulike kommunale tenester kan ein etablere ei ansvarsgruppe. Her kan individuell plan vere eit mulig verktøy.

NAV – OT

Ungdom som har droppa ut av vidaregåande skole eller er i ferd med dette har rettigheter hos den fylkeskommunale oppfølgingsteneste (OT). Ungdom som er arbeidsledige har også rettar hos NAV.

Tett og tilrettelagt oppfølging

Kommunen sine oppfølgingstenester følger opp ungdom og vaksne med rus, psykiske og sosiale utfordringer og kan gi tett individuell oppfølging til den enkelte over tid.

Ulike aktivitet- og støttegrupper

Det finnes ulike aktivitet- og støttegrupper for utsette barn og unge både i regi av skoler, fritidsklubber, helse og sosial samt frivillige aktørar. Positive møtearenaer er viktig i det førebyggjande arbeidet og mange frivillige lag og organisasjonar har lokale tilbod.

Foreldrerettleiing – ICDP program

Ulike foreldrerettleiingsprogram som har som mål å støtte foreldra i foreldrerollen og fremje kommunikasjon og samspel. ICDP er et slikt program. Foreldrerettleiinga foregår primært på deltakarane sitt morsmål. Programmet er nemnt som tiltak i den nasjonale handlingsplanen. I kommunane i Setesdalregionen er det fleire frå førstelinjetjenesten som har kompetanse til å gjennomføre ICDP-foreldrerettleiingsprogram i sin kommune.

Her kan du få råd og rettleiing

Evje og Hornnes lensmannskontor	37 92 91 80
Valle og Bykle lensmannskontor	37 93 69 00
Midt Agder barnevern	38 15 23 23
Setesdal barnevern	482 27 643
Alarmtelefonen	116 111
SLT-koordinator Evje	913 64 956
SLT-koordinator Bygland	37 93 47 40
SLT-koordinator Bykle og Valle	986 76 933
Agder Politi, forebyggende koordinator – radikaliserings, (be om å bli satt over)	02 800
Politiet i Agder	02 800
PST – Politiets sikkerhetstjeneste (be om å bli satt over til PST)	02 800

Den nasjonale handlingsplanen og veilederen mot radikaliserings og voldeleg ekstremisme

Nettsiden er for deg som ønsker hjelp, råd eller kunnskap om radikaliserings og voldeleg ekstremisme: <https://www.regjeringen.no/no/sub/radikalisering/id2001759/>

Forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme på internett. | Rapport

Du finner rapporten fra Politihøgskolen (2013:1) her: https://www.regjeringen.no/contentassets/43716ef78a2b410c9e9fb8601dff0216/rapport_forebygging-rad-eks.pdf

Tilgjengelige, tøffe og trygge?

Forebygging av kriminalitet på internett | Rapport

<https://www.regjeringen.no/contentassets/3a61d5ea5df746759b32c6c139572905/tilgjengelige-toffe-trygge.pdf>

Alvorlige hendelser i utdanningsinstitusjoner | Veileder


Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet ga hausten 2013 ut rettleiaren «Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsinstitusjoner. Veiledning i beredskapsplanlegging.» I rettleiaren vert ei alvorleg hending definert som ei tilsikta hending der våpen eller annan form for vold vert nytta eller truga med å bli tatt i bruk. Du finner rettleiaren her: <https://www.udir.no/globalassets/filer/laringsmiljo/veileder-i-beredskap-alvorlige-skolehendelser-bokmaal.pdf>

Det kan skje igjen | Rapport

Rapporten kjem med forslag til korleis skolen systematisk kan arbeide mot rasisme, antisemittisme og diskriminering på bakgrunn av eleven si etniske, religiøse eller kulturelle tilhør. Ei arbeidsgruppe sett ned av Kunnskapsdepartementet la frem rapporten i 2011. Du finner rapporten her: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/eidsvagutvalget/eidsvag_rapport_det_kan_skje_igjen.pdf?id=2213125

Plattform

Norsk institutt for forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme | Ressursside: <http://plattform.no>



Bykle

Valle

Bygland

Evje og
Hornnes



Setesdal regionråd



Bykle kommune

Sarvsvegen 14
4754 Bykle
T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no E: post@bykle.kommune.no



Valle kommune

Kjellebergsvegen 1, Postboks 4,
4747 Valle
T: 37 93 75 00

E: post@valle.kommune.no



Bygland kommune

Sentrum 18
4745 Bygland
T: 37 93 47 00

E: post@bygland.kommune.no



Evje og Hornnes kommune

Kasernevegen 19
4735 Evje
T: 37 93 23 00

E: post@e-h.kommune.no